



HANDLINGSPLAN

FOR
AUSTEVOLL KULTURSKULE

2021 - 2023



1. Bakgrunn.

Bakgrunnen for denne handlingsplanen er:

«Plan for innhald, kvalitet og utvikling i Austevoll kulturskule 2021-2027»

(Vedteken i kommunestyremøte 17.06.2021, sak 068/21)

I sak 068/21 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

«Austevoll kommunestyre vedtek «Plan for innhald, kvalitet og utvikling i Austevoll kulturskule 2021-2027» slik han ligg føre frå arbeidsgruppa.

Austevoll kommunestyre vedtek av planen vert følgt opp med ein godt utforma handlingsplan, jf. utforminga av Handlingsplan for psykisk helse og rus.

Handlingsplanen skal leggjast fram som referatsak til tenesteutvalet, slik at ein kan få meir konkret grep om kva tiltak som bør prioriterast.»

Denne handlingsplanen er eit svar på dette vedtaket og inneheld prioriterte satsingsområde for første del av planperioden, 2021 – 2023.

2. Prioriterte satsingsområde i 2021 - 2023.

«Plan for innhald, kvalitet og utvikling i Austevoll kulturskule 2021-2027» omtalar utviklingspotensiale for kulturskulen på svært mange område.

Vi har i denne planen gått inn i utviklingsplanen og henta ut og prioritert nokre få konkrete satsingsområde:

- Utvide teatertilbodet til og å gjelde elevar frå 7. – 10. trinn.
- Utvide tilbodet innan visuell kunst.
- Oppretting av stilling som musikkterapeut i samarbeid med helse og skule.
- Lokale for kulturskuletilboda.

2.1 Utviding og vidareutvikling av teatertilbodet.

Ved kunngjering av oppstart for teatertilbod for 3.-6. trinn kom det mange tilbakemeldingar om at mange born frå 7. trinn og eldre og kunna ha interesse for eit slikt tilbod.

Dei løyvde summene til dette i budsjettet for 2021 mogeleggjorde oppstart for 3.-6. trinn. For å gje tilbodet til dei som er eldre enn 6. trinn trengs budsjettutviding til å auke aktiviteten med minimum ei gruppe.

Årskostnaden for utviding med ei ekstra gruppe vil vere om lag 50 000 kr.

2.2 Utvide tilbudet innan visuell kunst.

Når det gjeld utviding av tilbudet innan visuell kunst, trengst det i første omgang ei utviding av kapasitet, altså timetal, for framleis å kunne gje tilbud i teikning/maling til dei elevane som ynskjer det frå 1. trinn og oppover.

I 2021 har søknaden til dette faget auka svært mykje, og innanfor gjeldande budsjetttramme har vi difor vore nøydde til å avgrense tilbudet til 2. trinn og oppover.

Årskostnaden for ei timetalsutviding som gjer det mogeleg å ta inn alle 1. klassingane som har søkt og dei om elles står på venteliste, er 132 000 kr.

Vidare, som skissert i planen for innhald, kvalitet og utvikling, er det ynskjeleg og mogeleg med den kompetansen vi har i personalet, å utvide tilbudet for dei frå 12 år og oppover med:

- Animasjon
- Foto
- Skulptur

Ein føresetnad er då at ein ved utviding eller omdisponering av bygningsmasse kan få lokale som eignar seg til dette, jfr kap. 5.7.3 i planen for innhald, kvalitet og utvikling.

2.3 Oppretting av stilling som musikkterapeut i samarbeid med andre tenesteområde.

Norges Musikkhøgskule definerer MUSIKKTERAPI slik:

«Musikalsk samhandling mellom menneske for å auke livskvalitet og helse»

Kulturskulen har i rundt 30 år gitt musikktilbod til menneske med psykisk utviklingshemming og andre funksjonshemmingar.

Dette har vore både individuelle, tilpassa tilbod og samspeltilbod.

Tilpassa musikkopplærings- og musikkaktivitetstilbod har og vore gitt til born og unge med ulike behov for tilpassing av tilboda.

I mange år vi og hatt song- og musikktilbod og tilpassa musikkaktivitet for bebuarar på PO-senteret, både på demensavdeling, psykiaterisk avdeling og ordinære avdelingar.

På grunn av naturleg avgang vil kulturskulen ganske snart vere utan den læraren som har stått for det meste av desse tilboda gjennom alle desse åra.

MUSIKKTERAPI er eit fag og ein profesjon som er til for å gje mellom anna denne typen tilbod.

Elles veit vi at musikkterapi kan vere ein svært velegna metode innan fleire tenesteområde, som til dømes helse, omsorg, psykisk helse, skule og ikkje minst, barnehage.

Eit satsingsområde er difor å invitere dei aktuelle tenesteområda til eit samarbeid om å opprette ei musikkterapeutstilling i kommunen.

Musikkterapiutdanninga er på mastergradsnivå, og for å få tak i ein person med denne utdanninga, vil det etter alt å døme vere naudsynt å kunne tilby ei heil stilling.

Ei slik stilling kan godt vere plassert i kulturskulen, men vil kunne finansierast av fleire einingar i samarbeid, ut frå kva einingar musikkterapeuten gjer teneste i.

2.4 Lokale for kulturskuleaktivitetane.

Kommunen har i dag i liten grad lokale som er tilpassa kulturskulen sine tilbod og aktivitetar. Det betyr at tilboda blir gitt i lokale som i utgangspunktet er utforma for andre føremål.

Dette kan fungere heilt utmerka i mange høve, men det er og område der kvaliteten og utviklingspotensialet i tilboda er hemma av mangel på passande lokale. Dette er det skrive ein del om i utviklingsplanen.

Det vil og i framtida vere slik at ein del av undervisninga foregår på skulane, i lokale som og grunnskulen nyttar. Samstundes er det og heilt naudsynt at nokre lokale blir heilt, eller i alle fall i stor grad, tilpassa kulturskulen sine behov.

Det er då naturleg at kulturskulen i framtida har ein base, der nokre av dei lokala som skal vere tilpassa kulturskulen sine behov er lokalisert. Men samtidig bør ein ha tilbod og aktivitetar, særleg for dei yngste elevane på eller nær begge barneskulane.

Kva vil vi få til i perioden 2021 – 2023?

- **Kultursalen på Selbjørn.**

Planen er at salen skal vere klar til bruk i mars 2022.

Det er svært viktig at dette skjer, då vi elles er utan arena for større framsyningar i kommunen, etter at kultursalen på Storebø skule er stengt!

Viktige arrangement som krev ein sal på denne storleiken, og med slike fasilitetar som der er planlagt, er mellom anna ungdomsskulemusikal, UKM og kulturskulen sine sommarframsyningar.

- **Oppstart av planarbeid for eit kulturhus for heile Austevoll, som mellom anna inneheld ein base for kulturskulen.**

Ein base for kulturskulen bør innehalde:

- Kontor, arbeidsplassar, møterom og opphaldsrom for personalet.
- Gode og eigna lokale for visuelle kunsthøgskule, teater og dans.
- Utstyrs- og kostymelager for dans og teater, instrumentlager.
- Øvingsrom for musikk, både akustiske instrument og bandinstrument.

Elles, som ein hovuddel av eit kulturhus, bør det i same bygg eller område vere ein stor sal for store kulturarrangement og framføringar innan musikk, dans, teater og anna scenekunst, med garderobar, utstyrsrom andre tilhøyrande fasilitetar.

Kor kulturhuset er plassert, er ikkje det viktigaste, men det bør vere lett tilgjengeleg for born og unge, og det bør liggje sentralt i kommunen.

Ved bortfallet av kultursalen på Storebø skule, som har vore eit svært mykje brukt kulturlokale i 30 år, er det naturleg at ein ser på trongen for ein kulturell samlingsstad i samanheng med kulturskulen sin trong for lokale.

I samband med utviding av Storebø skule bør det leggjast planar for området i aksen mellom Storebø skule og Austevollbadet.

Då er det viktig at ein lagar ein plan eller ei skisse som inneheld plassering av kulturhus, slik at dette blir mogeleg å realisere når det blir aktuelt.